

1 Vinje-senteret på 12 minutt



Ikona for Vinje-senteret med V-en i signaturen til A.O. Vinje. Formgivar: Per Finne

Vinje-senteret for dikting og journalistikk skal vere det rause museet som gir publikum meir enn dei ventar og meir enn dei betaler for. Senteret skal dokumentere saksfelt ingen andre museum dekkjer: perspektiv på romanar og noveller i diktinga, forteljingar om journalistikk på måtar som ingen har gjort før.

Med blick for det lokale skal Vinje-senteret bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlingssenter på internasjonalt nivå om dikting og journalistikk. Grunnlaget er nynorsk skriftkultur, og Vinje-senteret skal arbeide med dikting og journalistikk på både nynorsk og bokmål.

Senteret blir ei avdeling i Nynorsk kultursentrum på linje med Aasentunet og Hauge-senteret og dermed ein del av det største litterære museet i Noreg og det einaste språkmuseet i Norden. Litteraturdagane i Vinje ønskjer å bli del av Vinje-senteret, og samarbeid med aktørar som Liv i Vinje og Vest-Telemark Museum blir avtalefesta.

Vinje-senteret får minst fire fulle stillingar og to deltidsstillingar for avløysarar og omvisarar. Senteret disponerer nær 700 m² i ombygde Vinje skule og bruker Vinjar samfunnshus saman med lokale aktørar. Eit skisseprosjekt frå arkitektane Hille & Strandskogen styrkjer det som er og legg til noko nytt som gjer dette til ein god møteplass for fastbuande og gir tilreisande lyst til å stoppe. Vinje-senteret blir eit alternativ til den mentale sentraliseringa i vår tid.

Truleg vil det koste inntil 24,0 millionar eks. mva å byggje Vinje-senteret. Då er 25 prosent uføresette kostnader rekna med. Basisutstillinga vil truleg koste 6,1 millionar, og Vinjar samfunnshus bør utbetrast for 1,0 millionar. Driftsbudsjetta for år 1–4 aukar frå 2,6 millionar til 6,0 millionar ved full drift. Alt dette må finansierast ved eit klassisk norsk spleiselag.

Dei siste åra har Vinje kommune satsa 3,6 millionar i tiltak som byggjer opp under Vinje-senteret. Dagleg leiar blir tilsett så snart finansiering frå kommune, fylkeskommune og stat gjer det mogleg. Vinje-senteret opna nettstaden Vingesenteret.no 29. februar 2016.

1.1 Fagleg grunnlag

Vinje kommune tok i 2011 kontakt med Nynorsk kultursentrum om å utvikle eit litterært senter i Vinje. Ein omfattande intensjonsavtale blei godkjend vinteren 2014 og la grunnlaget for eit utviklingsprosjekt i regi av Nynorsk kultursentrum på oppdrag frå Vinje kommune. Denne prosjektplanen avsluttar utviklingsprosjektet og har vore drøfta i ein meir open prosess enn andre har invitert til før. Svært mange og ulike aktørar har vore involverte, og 76 informasjons- eller drøftingsmøte med over 300 deltakarar har vore haldne i Telemark, Drammen, Oslo, Sogndal og på Sunnmøre.

Nesten alle litterære museum rundt om i verda handlar om ein forfattar eller ei gruppe av forfattarar, og museum for presse eller journalistikk handlar mest om teknologi og institusjonar. Dei musea Nynorsk kultursentrum driv, skil seg ut med sin høgare himmel – nynorsk skriftkultur for Aasen-tunet, lyrikk i mange former på tvers av språkgrenser for Hauge-senteret. Det gir medarbeidarane meir å spele på og publikum meir å oppleve. Nynorsk kultursentrum følgjer det internasjonale etiske regelverket som er fastsett for museum.

UNESCO vedtok i 2003 konvensjonen om vern av immateriell kulturarv, som mellom anna gjeld munnleg tradisjon og handboren kunnskap. I 2015 fekk dei industrihistoriske kulturminna på Rjukan og Notodden verdsarvstatus, med vasspegelen i Møsvatn som oppsluttande verdi i Vinje. Den verdsarvstatusen skal mellom anna tene til å byggje identitet. Vinje kommune er svært rik på kulturminne, og 1243 enkeltminne er automatisk freda. Eit av dei er Vinjestoga. Den beste måten å verne kultur på er å bruke den, og der er brei politisk emje om at Vinje også i framtida skal assosierast med kultur, natur og tradisjon.

Moderne museum lever i samtida, aktiviserer gjester og brukarar og lagar forteljingar som berre dei kan formidle slik dei gjer. Minnepolitikk er å bruke fortida til å fremje interesser eller verdiar i samtida, og pregar den minnekulturen som finst i eit samfunn. Museum er basisinstitusjonar i den norske minnekulturen. Der er berre to små pressemuseum og eit senter for avisteikning i Noreg. Litterære museum er det fleire av, men dei fleste er små i omfang og har svært få tilsette. Minnepolitisk er 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018 eit av dei viktigaste kulturjubilea fram mot 2020.

Som diktinga blei journalistikken til i møtet mellom det munnlege og det skriftlege. Historia om norsk presse tek til på 1600-talet, men forteljinga om moderne norsk journalistikk opnar med A.O. Vinje i 1850-åra. Journalistikken har endra seg meir enn det ståande uttrykket «den fjerde statsmakt» gir inntrykk av, og denne historia er enno ikkje fortald. Medieforskarane arbeider mest med samtida, mediebransjen mest med framtida. Der er ingen nasjonal institusjon som på uavhengig grunnlag dokumenterer og formidlar samtida i lys av fortida no når den redigerte røynda er under press.

Norsk litteraturhistorie er ei fleispråkleg forteljing. Det tok til med skrivning og dikting på norrønt i mellomalderen og heldt fram som skrifter på dansk fram mot 1800-talet. Etter kvart tok det norske over og enda i ein språkdelt norsk kultur med to skriftlinjer – nynorsk og bokmål. Frå Vinje har det kome uvanleg mange diktarar på nasjonalt og internasjonalt nivå dei siste 150 åra, alle på nynorsk. Den forteljinga er enno ikkje skriven. Det er heller ikkje det skiftande samspelet mellom dikting og journalistikk.

Når tale blir skrift, og skriftspråk blir utvikla vidare med institusjonar og regelverk, oppstår skriftkulturar. Den lese- og skrivekunna som prega Øvre Telemark i tidlegare hundreår, gjorde at folk visste ein del om kva som blei tenkt og skrive andre stader. Denne skriftkulturen styrkte den munnlege tradisjonskunsten, som på si side påverka diktinga. «Ytringsfridom skal det vere», heiter det i Grunnlova no. Den fridomen er under press både i tale og

skrift, også i eit språkdelt samfunn som Noreg. For den som skriv, er det sjeldan likegyldig kva språk han eller ho får bruke og kvar det kan brukast.

1.2 Vinje i Telemark og verda

Kraftkommunen Vinje er ein kulturell kraftstasjon, ein forfattarkommune av dei sjeldne og blei kåra til Noregs kulturkommune i 2009. Midtbø og Vinjestoga er minnestader etter A.O. Vinje, Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas, husa etter Rikard Berge står, medan spora er færre etter slike som Aslaug Vaa. Dei geografiske spora etter samtidsforfattarar blir først synlege om lenge.

Vest-Telemark er ein av fire regionar i Telemark og har ein fleirkjernestruktur. Med 14 100 innbyggjarar er dette den minste regionen i fylket, og i regionen er Vinje størst med 3700 innbyggjarar. Gjennom Fjellnettverket og andre fellestilltak er kommunen aktiv på mange arenaer. Rauland, Åmot og Edland er dei tre bygdesentra i kommunen. Grenda Vinje ligg ved E134, som blir verande ein hovudveg mellom aust og vest, men dei fleste overnattingsplassane ligg minst 30 minutt unna. Det ville gjort seg med nye, varige tilbod i den regionale opplevingsøkonomien.

Telemark fylkeskommune framhevar dei sterke kulturtradisjonane i kulturplanen sin. Vest-Telemark Museum er eit veldrive regionmuseum med mange oppgåver også i Vinje. Der er fleire gode litteraturfestivalar i fylket og mange andre aktuelle samarbeidspartnarar, frå folkeakademi og handverkslag til sokneråd, og institusjonar og foreningar i grendene Edland, Åmot og Rauland. Laget Liv i Vinje står i ei særstilling med sitt vellykka arbeid for å skape liv i bygda. Institutt for folkekultur på Rauland og forfattarstudiet ved Høgskolen i Telemark er to andre sentrale aktørar.

1.3 Vinje-senteret – det rause museet

Stiftinga Nynorsk kultursentrum blei skipa i 1993 og har 24 stiftarar frå heile landet. Konsernet med 18 fast tilsette eig og driv det største litteraturmuseet i Noreg, det einaste senteret for lyrikk i mange former i Noreg, det einaste språkmuseet i Norden, det eldste språkmuseet i verda og det einaste redigerte leksikonet på nynorsk. Våren 2016 var ni nettstader i drift. Kvar dag bruker fleire tusen menneske tenester frå denne institusjonen. Stiftinga er gjeldfri og har gjennomført alle større investeringsprosjekt innanfor budsjett. Nynorsk kultursentrum blei kåra til Årets museum 2015 «som en uvanlig levende, ambisiøs og systematisk formidler og forvalter av immateriell kulturarv».

Nynorsk kultursentrum skal arbeide for nynorsk skriftkultur. Styret har vedteke *Visjon og strategi 2016–2019*, som gjeld for alle delar av verksemda. Eit av dei seks hovudmåla for perioden er å etablere Vinje-senteret som ny driftsavdeling. Visjonen for Nynorsk kultursentrum er «Nynorsk, sjølv sagt, når som helst og kor som helst», og institusjonen arbeider etter verdiane *open, modig og overraskande*. Dette skal vere det rause museet som gir gjestene meir enn dei ventar og meir enn dei betaler for.

Det har kome mange ønske om kva Vinje-senteret bør arbeide med. Senteret skal gjere noko andre ikkje alt gjer, og medarbeidarane må ha den kunnskapen som trengst for desse oppgåvene. Difor bør Vinje-senteret konsentrere verksemda si om dikting og journalistikk – romanar og noveller i diktinga og alle former for journalistikk med utgangspunkt i den skriftlege. Med nynorsk skriftkultur som grunnlag bør senteret dekkje begge dei to norske skriftspråka. Moderne kommunikasjon krev korte, tydelege institusjonsnamn som gir mening for mange. *Vinje-senteret* er eit slikt namn, med den engelske nemninga *Vinje Centre for Journalism and Literature*.

Vinje-senteret skal bli eit nasjonalt dokumentasjons- og formidlingscenter på internasjonalt nivå om diktning og journalistikk på norsk. Prioriterte målgrupper bør vere elevar og lærarar, fastbuande i Vest-Telemark, bok- og avislesarar, journalistar og andre i bokbransjen og mediebransjen. Folketalsgrunnlaget tilseier at 2900 gjester i året med full drift er realistisk. Gjester ved Litteraturdagane i Vinje kjem i tillegg. Med digitale tenester kan senteret ha nærare 20 000 brukarar og gjester årleg. Vinje-senteret blir ein ekstra grunn til å bu i Vinje, stoppe der og bli verande der lenger.

1.4 Innhald for gjester og brukarar

For alle museum er samlingane arbeidsgrunnlaget. Samlingsforvaltning handlar om å samle inn, bevare, dokumentere, registrere og gjere tilgjengeleg. Erik Gjestvangs store boksamling på bort imot 300 hyllemeter med svært mykje av norsk diktning gjennom fleire hundre år blir hjernen i samlingane, og Vinje-senteret kjem til å ha lite av tradisjonelle museumsgjenstandar. Mediebransjen har tradisjonelt vore best på munnlege arkiv, og innsamling av munnlege minne blir difor viktig. Dette blir kombinert med kunnskap og forteljingar om profilerte diktarar, redaktørar og journalistar. For arbeidet med journalistikk blir det oppretta eit fagråd ved Vinje-senteret.

Nynorsk kultursentrum driv utoverretta og har utforma strategiar for formidling generelt og utstillingar spesielt, der omvisinga er eit grunnrep. Grunntanken om utstillingar er at «vi er analoge der vi kan, og digitale der vi må». Personifisering og andre journalistiske grep vil bli brukte i formidlinga ved Vinje-senteret. Innhaldet blir mest tilpassa norske gjester, men Vinje-senteret skal også ha tilbod for framandspråklege, og basisutstillinga blir teksta på nynorsk og engelsk. I samarbeid med Høgskolen Sørøst-Norge vil Nynorsk kultursentrum tilby studentar i Rauland å vere Vinje-ambassadørar. Ei eiga utstillingsgruppe lagar plan for basisutstillinga i Vinje-senteret.

Vinje-senteret skal leite fram det spesielle og det typiske, det uventa og det einestående, og ikkje ta snarvegen til det openberre. Regelmessige arrangement tilpassa den lokale veke- og årsrytmen og tilbod som alt finst, blir ein viktig del av verksemda i Vinje-senteret. Slike arrangement kan leggjast til fleire stader. Å utvikle nye elevprogram om diktning og journalistikk for Den kulturelle skulesekken er ei prioritert oppgåve frå første arbeidsdag. Senteret skal utforme sine eigne programformat med dei nye røystene og dei prislønte forfattarane og journalistane: dei beste. Vinje-senteret bør vere ein av dei fem viktigaste aktørane i 200-årsjubileet for A.O Vinje i 2018.

Litteraturdagane i Vinje er den eldste litteraturfestivalen i Telemark og har vore arrangert i august–september sidan 2001. Dette er ein lågbudsjettfestival med høg kvalitet, og det beste i dette må først vidare. Festivalen er eigd av eit medlemslag og årsmøtet i laget gav 24.1.2016 styret fullmakt til å forhandle med Nynorsk kultursentrum om at festivalen blir ein del av Vinje-senteret. Ulvik poesifestival har med stort hell vore ein del av Hauge-senteret sidan 2014. Ei slik løysing vil styrkje både senteret og festivalen og føreset ein avtale mellom Litteraturdagane i Vinje og Nynorsk kultursentrum.

Digitale tenester inkluderer nettstader og sosiale medium. Nynorsk kultursentrum har satsa mykje på slike tenester like sidan Aasen-tunet blei opna i 2000. Våren 2016 dreiv institusjonen det digitale oppslagsverket Allkunne og åtte andre nettstader og var med det truleg det einaste museet i Noreg med fleire nettstader enn museum. Publikum kunne då velje mellom meir enn 35 000 tekstdokument på desse nettstadene. Nettstaden Vinjesenteret.no blei opna med publisering av *Prosjektplan for Vinje-senteret* og ymse bakgrunnsstoff måndag 29.2.2016.

Vinje-fondet er ei årleg løyving over statsbudsjettet for å styrkje nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk og medverke til større rekruttering av nynorsk-brukande journalistar. I åra 2010–2015 er det løyvt 3,6 millionar til 13 prosjekt, fleire av dei i Telemark. Midlar frå Vinje-fondet var ein nødvendig føresetnad for at Nynorsk avissenter kunne etablerast i Førde. Nynorsk kultursentrum forvaltar ordninga på oppdrag frå Kulturdepartementet, og det praktiske arbeidet med støtteordninga blir lagd til Vinje-senteret.

Som ei avdeling i Nynorsk kultursentrum blir Vinje-senteret ein samfunnsaktør innanfor språk, diktning og journalistikk. Vinje-senteret skal vere med og gjere det lettare og kjekkare å vere nynorskbrukar på Austlandet. Med støtte i solid dokumentasjon skal senteret fremje pressepolitiske tiltak som styrkjer uavhengig journalistikk generelt og journalistikk på nynorsk spesielt, og litteraturpolitiske tiltak som fremjar prosakunst på nynorsk og bokmål. Det inneber at Vinje-senteret kan kome til å målbera omstridde meiningar.

Vinje-senteret må ta imot gjestene i ein open og innbydande resepsjon. Senteret treng ein butikk som er ein del av det samla tilbodet og som kan gi inntekter. Butikken bør vere noko av det første gjestene møter og det siste dei reiser frå. Nynorsk kultursentrum driv då fire butikkar, og det gir mange driftsfordelar i alt frå kompetanse til innkjøp. Nynorsk kultursentrum er eit av få museum i Norden som har satsa på nettbutikk, og Handlenett.no blir felles for alle tre avdelingane.

Eit serveringstilbod må der vere, løyst i samarbeid med lokale aktørar som Vinje Gardsmat og Mjonøy.

1.5 Samarbeid og kommunikasjon

Vinje-senteret blir til etter eit lokalt initiativ, er ønskt lokalt og byggjer på eit sterkt lokalt engasjement. Det tek med seg det som finst, forbetrar det som alt er og gir meir og nytt innhald i kulturlivet. Arbeidet med prosjektplanen har vore møtt med interesse, entusiasme og uvanleg stor grad av semje. Gjennom inkluderande samarbeid skal heile Vinje eige i Vinje-senteret, og ingen andre prosjekt kjem i klemme på grunn av den nye institusjonen. Nynorsk kultursentrum har teke initiativ til ein samarbeidsavtale med Vest-Telemark Museum, og nødvendige avtalar mellom Telemark fylkeskommune og Vinje kommune er i arbeid.

Vinje-senteret følgjer grunntanken i Nynorsk kultursentrum om at ingen prosjekt er avslutta før dei er formidla og gjort kjende for andre. Krava til universell utforming og klar-språk blir følgde og administrasjonsspråket er nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum vedtok profilprogram for Vinje-senteret 25.2.2016 med V-en i signaturen til A.O. Vinje som motiv. Vinje-senteret gir ut meldingsbladet Dølen til husstandane i Vest-Telemark to gonger i året. Tilkomsten til Vinje-senteret må vere godt skilta frå aust og vest, og arbeidet med å skrive staden inn i reisehandbøker tek til no.

1.6 Organisering, lokalisering og romprogram

Vinje-senteret blir ei avdeling i Nynorsk kultursentrum på linje med Aasen-tunet frå 2000 og Hauge-senteret frå 2011. Vinje-senteret skal ha heilårsdrift og kan få inntil seks arbeidsplassar – fire fulle stillingar og to deltidstilsette som avløyssarar og omvisarar. Røynsla frå oppbygginga av Hauge-senteret i Ulvik 2011–2015 gjeld også for Vinje-senteret: Den faglege nærleiken er større enn den geografiske avstanden. Medarbeidarane i Vinje-senteret får 18 kollegaer i dei andre avdelingane som alle arbeider med språk og litteratur. Alle etablerte driftssystem og rutinar i Nynorsk kultursentrum gjer det lett å etablere drifta i Vinje. Vinje-sente-

ret gjer Nynorsk kultursentrum til det einaste norske museet med driftsavdelingar i to landsdelar og tre fylke. Mellom Ulvik og Vinje tek bilturen mindre enn tre timar, mellom Ulvik og Ørsta seks timar.

Det blir lett å kome til Vinje-senteret, og det skal vere lett å bli verande der. Vinje-senteret blir lagt til Vinje skule like ved E134 eit kvarter frå kommunesenteret Åmot og midt mellom Bergen og Oslo. Hovudetasjen i Vinje skule frå 1973 blir bygd om for Vinje-senteret. Underetasjen kan då disponerast til næringshage og andre føremål. Vinjar samfunnshus frå 1959, teikna av Arnstein Arneberg, fargesett av Henrik Sørensen og bygd på dugnad, ligg vegg i vegg med Vinje skule og blir sambruk for større arrangement. Utanfor er der alt parkeringsplass for 50 bilar, og det er god offentleg økonomi å bruke om att bygningar og anlegg som alt finst.

Vinje-senteret treng om lag 550 m² utanom korridorar og fellesområde med Vinjar. Av det går 300 m² til utstilling og formidling, 90 m² til publikumsområde og vel 110 m² til tilsette og drift. Dette er lite målt mot nybygg for norske museum, men vesentleg meir enn Hauge-senteret i Ulvik, den billigaste nasjonale kulturinstitusjonen som er blitt opna på lang tid. Vinje-senteret blir likevel eit av dei største litterære musea i Noreg. Det kan måle seg med Hauge-senteret i tal tilsette, men vil disponere eit mykje større areal. Berre Aasen-tunet i Ørsta og Hamsunsenteret på Hamarøy har fleire fast tilsette.

1.7 Skisseprosjekt, kalkylar og budsjett

Vinje-senteret får ei dempa, men tydeleg form og utnyttar plassen godt. Det er ein institusjon med mange funksjonar som inneber ein komplisert konstruksjon. Skisseprosjektet styrkjer det som er, legg til noko nytt i form og innhald og framhevar dei store verdiane i kulturlandskapet i området. Vinje skule blir bygd om med ein nybygd kontorfløy, mellombyggingen til Vinjar samfunnshus blir riven og erstatta med eit moderne bygg i glas, som saman med ny utøvgardarobe i underetasjen tilfører Vinjar samfunnshus nye kvalitetar og oppfyller krava til universelt tilgjenge. 2000 år kulturhistorie blir meir synleg og tilgjengeleg for publikum, og området ned mot Vinjevatnet blir ein god stad å vere, ikkje minst for småbarnsfamiliar.

Vinje-senteret blir på 696 m² BTA medrekna nye fellesområde med Vinjar, som dessutan får 50 m² BTA ny utøvgardarobe i underetasjen.

Vinje-senteret må realiserast gjennom eit klassisk norsk spleiselag i samsvar med dei hevdvunne fordelingsreglane for offentlege tilskot frå stat, fylke og kommune. Investeringskalkylane for skisseprosjektet er uvanleg detaljert og byggjer på gjeldande retningslinjer og eit stort erfaringsmateriale. Der er usikre faktorar som kan slå begge vegar. Driftsbudsjetta følgjer budsjettprinsippa i Nynorsk kultursentrum om nøkterne inntekter og realistiske kostnader.

Truleg vil det koste inntil 24,0 millionar 2016-kroner eks. mva å byggje Vinje-senteret. Då er 4,8 millionar eller 25 prosent i uføresette kostnader rekna med. Vida-re vil basisutstillinga koste om lag 6,1 millionar. Vinjar samfunnshus bør utbetrast for 1,0 millionar for å dekke dei behova som ligg føre.

Nybygg for museum dei siste åra har kosta frå 27 000 til 41 000 per m², og ombyggingar frå 20 000 og oppover til 52 900. Ut frå skisseprosjektet for nybygg og ombygging vil Vinje-senteret koste inntil 34 500 per m² BTA.

Driftsbudsjetta for år 1–4 aukar frå 2,6 millionar til 6,0 millionar ved full drift.

Til og med 2015 hadde Vinje kommune brukt om lag 3,6 millionar på grunnlags- og utviklingsarbeid som kjem Vinje-senteret til gode.

Vinje kommune eig Vinjestoga, Vinje skule og Vinjar samfunnshus. Å etablere Vinje-senteret endrar ikkje noko på dette. I tråd med intensjonsavtalen frå 2014 gjer Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum ein overtakings- og driftsavtale på grunnlag av denne prosjektplanen, som inneheld framlegg til ein slik avtale. Framlegget inneber at Nynorsk kultursentrum kan ta over driftsansvaret for Vinje-senteret frå og med 1.9.2016 og Vinjestoga frå og med 1.1.2018.

1.8 Framdrift, ringverknader og risikoar

Prosjektplanen blei lagd fram 29.2.2016. Same dagen opna Vinje-senteret det første publikumstilbodet med nettstaden Vinjesenteret.no. Under føresetnad av at nødvendig og langsiktig finansiering kjem på plass i tide, kan dagleg leiar ta til våren 2017, og våren 2018 kan då fire medarbeidarar vere på plass. I alle høve kan Vinje-senteret tilby eit eige program på 200-årsdagen for A.O. Vinje 6.4.2018. Det tek tid å utvikle slike institusjonar, men går det berre åtte-ni år frå den første ideen til eit komplett publikumstilbod er på plass, er det svært kort tid. Ein kalender for år 1–4 etter 2016 er utarbeidd.

Ein kulturinstitusjon er viktig og gjer seg viktig i kraft av seg sjølv. Det følgjer av den eigenverdien kultur har. Vinje-senteret vil styrkje og fornye Vinje som litterært landskap og gi publikum fleire tilbod enn dei som alt finst. Senteret gir også vesentlege økonomiske ringverknader i form av varige arbeidsplassar. Røynslene frå Aasen-tunet og Hauge-senteret viser at det tek tid før ringverknadene frå ein slik kulturinstitusjon slår inn. Alt året etter at Hauge-senteret kom i full drift, hadde likevel institusjonen gitt Ulvik 12 nye innbyggjarar. Ein god tommelfingerregel er at om lag 70 prosent av lønsmidlane går inn i lokaløkonomien.

Å vurdere risiko er å vurdere både kva som skal til for å nå planlagde mål og kva som kan hindre dette. Sju slike faktorar er identifiserte, men det kan også gå betre enn ein ventar. Ideen om Vinje-senteret er blitt møtt med stor entusiasme og vilje til resultat på ulike nivå. Ein bør både rekne med at noko skjer seg og at det kan bli uro i etableringsfasen. Røynsler frå oppbygginga av andre museum dei siste åra vil bli brukte, særleg frå Hauge-senteret som blei bygt opp 2011–2014. Vinje-senteret er betre forankra enn noko anna prosjekt Nynorsk kultursentrum har arbeidd med.

Prosjektplanen er omfattande fordi eit moderne museum er ein kompleks organisasjon med svært mange og ulike oppgåver som skal løysast. Det faglege og organiatoriske ambisjonsnivået er høgt, men det gjer også at mangt er gjennomtenkt lenge før det skal gjerast.

Tradisjon og modernitet

Denne prosjektplanen formår eit høgt fagleg ambisjonsnivå for Vinje-senteret. Ingen sa imot då dette ambisjonsnivået blei presentert i minste detalj i drøftingsframlegget i januar 2016. Skisseprosjektet frå dei framståande arkitektane Hille & Strandskogen byggjer vidare på dette faglege ambisjonsnivået. Med sine mange funksjonar og oppgåver blir Vinje-senteret komplekst å byggje når gjenbruk er ein viktig føresetnad. Dette er ombygging, nybygg og tilbygg i eitt. I tillegg kan ein no heve bruksstandarden for Vinjar samfunnshus, i si tid skapt av ein av dei fremste norske arkitektane på 1900-talet, i levande bruk i dag.

Slik ser møtet mellom kulturvern og moderne museumsdrift ut, i innhald, form og kroner. Og likevel: Vinje-senteret blir ein av dei minste nye nasjonale kulturinstitusjonane i Noreg. Det blir også ein av dei rimelegaste.

Vinje-senteret blir det det gjer.